



## Adresseliste

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Kartlegging av "regnskog" i Rogaland 2014

Miljødirektoratet skal gjere ei naturfagleg kartlegging av kystfuruskog og fattig «regnskog» i låglandet på Vestlandet. Du får dette brevet fordi du er grunneigar i eit eller fleire av områda som er plukka ut for undersøking.

Det blir lagt hovudvekt på såkalla *fattig, boreonemoral regnskog*. Dette er svært fuktig furu- og lauvskog i lågareliggende strøk på Vestlandet, med førekomst av karakteristiske, fuktrevjande lav og mosar. Skogtypen finst i hovudsak i bjørk- og furudominerte landskap i dei mest nedbørrike områda langs kysten, og finst oftast i små, nordvendte, ofte ganske bratte skrentar med lite solinnstråling. Naturtypen er utbreidd frå Vest-Agder til Møre, med eit tyngdepunkt i ytre Sunnhordland, Nord-Rogaland og Ryfylke. Denne skogtypen har truleg tillegare hatt ei vesentleg større utbreiing i Europa, slik at Noreg har eit stort internasjonalt ansvar for å ta vare på han.

På grunnlag av kart, flyfoto, artsobservasjonar, tips frå kartleggarar som har arbeidd i området og annan kjennskap til lokale naturforhold, har Fylkesmannen i Rogaland utarbeidd ei liste over 37 område i fylket der det er mogleg at fattig, boreonemoral regnskog kan finnast. 19 av desse (dei høgast prioriterte, blågrøn farge på vedlagt kart) er plukka ut for nærmare kartlegging i regi av Miljødirektoratet, og kjende grunneigarar (sjå vedlegg) blir tilskrivne. Dei andre 18 områda (fiolett farge på vedlagt kart) vil vi prøva å få dekka gjennom den vanlege naturtypekartlegginga i regi av Fylkesmannen med tilskot frå kommunane. Denne blir kunngjort gjennom annonse og på nettet (<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>).

Målet med kartlegginga er å få betre oversyn over biologisk viktige førekomstar, og å auke kunnskapen om fattig, boreonemoral regnskog, slik at ein får betre grunnlag for forvalting av naturtypen. Vern etter naturmangfaldlova kan vere aktuelt for større lokalitetar eller der fleire lokalitetar ligg såpass tett at dei kan knytast saman. Dette blir berre gjennomført som frivillig vern gjennom skogeigarsamvirket (Vestskog). Elles er mange av lokalitetane med fattig, boreonemoral regnskog så små at vern ikkje er noko aktuell forvaltingsform. Men naturtypen er ein aktuell kandidat til å få status som utvald naturtype etter naturmangfaldlova.

Det må understrekast at det ikkje er snakk om nokon ny- eller utvida verneplan. Men dersom det blir registrert høge naturverdiar i eit område, kan grunneigar sjølv, om han eller ho ønskjer det, legge heile eller delar av området fram som forslag til frivillig vern. Det finst òg gode ordningar for å hjelpe skogeigaren i forvaltinga av verdifulle areal som ikkje er verna, jf. MiS-figurar (Miljøregistreringer i skog – skogbruket sitt eige system for registrering og kartfesting av biologisk særleg verdifulle areal). Her kan Vestskog og Fylkesmannen vere til hjelp, om ønskeleg.

I 2014 blir det kartlagt i Hordaland og Rogaland, og i 2015 i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Kartlegginga er eit supplement til den kartlegginga som alt er gjort, m.a. gjennom den kommunevise kartlegginga av naturtypar (grønt på vedlagt kart).

Feltregistreringane blir utført av konsulentane Miljøfaglig Utredning AS og BioFokus. Av praktiske årsaker kan ein dessverre ikkje varsle kvar enkelt grunneigar under felterbeidet, men alle vil få tilsendt resultata frå registreringane når desse ligg føre, truleg i løpet av sommaren 2015.

Vi har ikkje teke med små hytteeigedomar i utkanten av områda eller festetomter i denne omgangen i vedlagt liste. Denne kan og ha andre manglar i forhold til kven som har eigars- og brukarrettar i dei aktuelle områda. Finn de feil eller manglar andre manglar enn dei nemnte i vedlagte liste over grunneigarar, ønskjer vi melding om dette, gjerne pr. e-post. I nokre område der skogen eller grunnen ligg i sameige, har vi ikkje fullstendig oversyn over alle grunneigarar, men oftast vil eigarar av tilgrensande eigedommar som mottek dette brevet, også vere med i sameiget.

—

Eventuelle spørsmål om kartlegginga kan rettast til fylkesmannen ved Audun Steinnes, (tlf. 51 56 89 12, mob. 92807901, [fmrosas@fylkesmannen.no](mailto:fmrosas@fylkesmannen.no)). Spørsmål om ordninga med frivillig vern kan rettast til Vestskog BA.

Med helsing

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvernsjef

Audun Steinnes  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg:

1. Kart
2. Grunneigarliste

Kopi av brev og vedlegg på e-post:

Miljødirektoratet	post@miljodir.no
Vestskog BA	vestskog@vestskog.no
Aktuelle kommunar	(e-postliste)
BioFokus	terje@biofokus.no
Miljøfaglig Utredning AS	gaarder@mfu.no

Saksbehandlar: Audun Steinnes  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 12  
E-post: fmrosas@fylkesmannen.no

